

## Generell informasjon

Datamaskina er eit nødvendig verktøy for deg så lenge du er elev ved ein vidaregåande skule i Hordaland fylkeskommune. Du vil bruke maskina både i undervisninga og til administrative gjeremål. Du har sjølv ansvar for å stille med berbar datamaskin til skulestart.

Du kan velje;

- å bruke ei maskin du allereie eig eller kjøpe maskin i butikk
- å kjøpe ei maskin gjennom leverandøren til Hordaland fylkeskommune.

### Krav til maskin og operativsystem

Du kan i prinsippet bruke kva maskin som helst. Det viktigaste er at du kan levere arbeidsfiler i eit format som læraren din og skulen kan lese. Du må ha ei datamaskin som fungerer utan internettilgang. Den må minimum oppfylle dei same tekniske krav som standardmodellen som Hordaland fylkeskommune tilbyr gjennom elev-PC ordninga. Sjå produktarket til standardmodellen for minimumskrav for detaljer før du går til innkjøp, eller for å sjå om maskina du har oppfyller krava. Du finn informasjon om standardmodell på <http://www.hordaland.no/elev-pc> under «Val av maskin». Vel du å bruke eit anna operativsystem i eit utdanningsprogram som krev Microsoft Windows, vil du sjølv vere ansvarleg for å skaffe deg ein Windows-lisens og installere programma som vert kravde.

### Programvare, brukar og systemtilgang

Som elev i Hordaland fylkeskommune får du oppretta brukar i HFK sitt nettverk. Du får tilgang til det du treng under utdanninga di. Brukarnamn og passord vert sendt på SMS like før skulestart. Vi bruker mobilnummeret du registrerte då du søkte skuleplass. Som brukar i HFK sitt nettverk får du tilgang til Microsoft Office 365, antivirus-program, G-suite for Education og andre program som du treng i undervisninga så lenge du bruker Microsoft Windows eller macOS som operativsystem. Du får informasjon om korleis du lastar ned programvara på skulen. Maskina må oppdaterast jamleg.

Ver merksam på at det i enkelte utdanningsprogram (t.d. teknikk og industriell produksjon, bygg- og anleggsteknikk og elektrofag) kan vere ein fordel å ha kraftigare maskin eller eit anna operativsystem enn det standardmodellen har.

### Skulesekk

Alle nye elevar på Vg1 får utdelt skulesekk på skulen etter skulestart. Sekken har plass til PC og anna skuleutstyr.

## Kjøp av maskin frå Atea, leverandøren til Hordaland fylkeskommune

Denne informasjonen gjeld dersom du vel å kjøpe datamaskin frå Atea gjennom bestillingsportalen for elev-PC. Er du under 18 år, er det dine føresette som må bestille maskina til deg.

### Kven har rett til å kjøpe maskin gjennom PC ordninga?

Elevar i vidaregåande skule og deltakarar i vaksenopplæring i den offentlege vidaregåande skulen kan nytte tilbodet om kjøp av ei subsidiert datamaskin. Tilbodet kan berre nyttast éin gong, og som hovudregel berre i Vg1. Årsaka til det er at maskinene er subsidiert og er difor rimelegare enn tilsvarande maskiner kjøpt i butikk.

Om du er usikker på om du skal starte på ein offentlig vidaregåande skule i Hordaland fylkeskommune, må du vente til du har bestemt deg før du eventuelt kjøper maskin gjennom PC-ordninga. Ombestemmer du deg etter at du har bestilt, kan du angre kjøpet. Det er berre maskiner som ikkje er opna som vert tekne i retur.

Prisar og subsidiar

Tabellen under syner maskinprisar for skuleåret 2018/2019.

Modell	Pris for maskin	Pris for tryggleiksavtale	Subsidie
Standardmodell (HP ProBook 430G6) inkl. tryggleiksavtale	Ved kontantkjøp: kr. 1500,-	Kr. 0,-	Kr. 3800,-
	*Ved avbetaling: kr. 2000,-	Kr. 0,-	Kr. 3300,-
Kraftig windows modell (HP ProBook 450G5)	Kr. 4962,-	Kr. 622,-	Kr. 1750,-
MacBook Air 13	Kr. 8106,-	Kr. 1450,-	Kr. 1100,-

\* Om du vel å kjøpe standardmodellen på avbetaling må du betale kroner 1000,- i portalen ved bestilling, og du vil bli fakturert kroner 1000,- hausten 2019.

Dersom du ikkje startar på offentlig vidaregåande skule i Hordaland fylkeskommune og har kjøpt maskin gjennom ordninga, vil du bli fakturert for subsidiebeløp og uteståande avdrag. Hordaland fylkeskommune kan også krevje tilbakebetaling dersom du sluttar i løpet av skuleåret.

Ver merksam på at kjøpet ikkje vert rekna som forbrukarkjøp. Det er forhandla fram 3 års garanti på maskina, noko som svarar til det du får i butikk. Dessutan er det og 3 års garanti på batteri.

Tryggleiksavtale

Standardmodellen har tryggleiksavtale inkludert i prisen. Dette er tilval for andre modeller og koster difor ekstra. Vi tilrår at du vel tryggleiksavtalen sjølv om han koster ekstra. Av erfaring veit vi at datamaskiner til skulebruk til tider kan få hard medfart og at uhell kan skje. Ein tryggleiksavtale vil kunna dekke dei mest vanlege skadane som oppstår ved uhell, som til dømes knust skjerm. Har du ikkje ein slik avtale, vil reparasjon/utskifting av knust skjerm typisk koste om lag 3000-3500 kroner.

Framgangsmåte ved kjøp av maskin frå Atea

Maskina kjøper du direkte frå leverandøren vår gjennom bestillingsportalen:

<https://elevpc-hfk2018.flexvalg.dk/>

- Bestillingsportalen opnar
  - I midten av juni 2018 for elevar i vidaregåande skule,
  - I midten av august 2018 for deltakarar i vaksenopplæring
- Du må bruke ei datamaskin til bestilling (ikkje telefon eller nettbrett).
- Vel ein av dei modellane som vert tilbode i ordninga.
- Standardmodellen har tryggleiksavtale inkludert i prisen. Dersom du vel ein annan modell må du velje dette særskilt i portalen.
- Bekreft vilkåra.
- Betal bestillinga di med bankkort.
- **Gjeld berre elevar i VG1**  
Vel du avbetaling, må ein person over 18 år fylle ut eit tilleggsskjema før kjøpet vert godkjend. For å fylle ut skjemaet, må du bruke MinID eller BankID.
- Du får kvittering sendt til den registrerte e-postadressa di. **Ta godt vare på denne då den er einaste kvittering du får.**
- Maskina blir sendt til næraste Post i butikk.
- **Bestiller du før 31.07.2018 vert maskina garantert levert til skulestart.**
- Utsendinga startar 25. juli.
- Siste frist for å bestille maskin for skuleåret 2019/2020
  - For elevar i vidaregåande skule er 31.12.2019.
  - For deltakarar i vaksenopplæringa er 31.03.2020

Kontaktinformasjon:

Ta kontakt med **ATEA** telefon 22 09 50 30, epost [elevpc-vest@atea.no](mailto:elevpc-vest@atea.no) dersom du har spørsmål, eller treng hjelp med bestillingsportalen.

Ta kontakt med **Elev-pc gruppa i Hordaland fylkeskommune** [elev-pc@hfk.no](mailto:elev-pc@hfk.no) dersom personnummeret ditt blir avvist og du meiner du har rett til å bestille.